



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet som klagenemnd

Møtedato: 21.11.2018

Sak nr.: 18/9057-3

Internt l.nr.: 52877/18

Sak: 5/18

Tittel: Klagesak - klage på avvisingsvedtak

Behandling:

Fylkesutvalet som klagenemnd fann Hilmar Høl og fylkesrådmann Tore Eriksen inhabile til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav a), for Høl sitt vedkomande, og kommunelova § 40, nr. 3, bokstav c), for Eriksen sitt vedkomande.

Frå fylkesordføraren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen til følgje.

Endringsframlegg:

Fylkesutvalet som klagenemnd sette fram slikt framlegg til tilleggspunkt:

Fylkesutvalet som klagenemnd ber om at det vert fremja ei sak i fylkestinget som opnar for å gjere unntak frå reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde» og/eller endringar i reglementet. Unntaket skal knytast til fråvær som er forårsaka av dokumentert sjukdom.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesordføraren og tillegget frå fylkesutvalet som klagenemnd vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen til følgje.

Fylkesutvalet som klagenemnd ber om at det vert fremja ei sak i fylkestinget som opnar for å gjere unntak frå reglementet «Arbeidsvilkår for folkevalde» og/eller endringar i reglementet. Unntaket skal knytast til fråvær som er forårsaka av dokumentert sjukdom.